

Presentasjonsgudsteneste i Todalen kyrkje 14.09.25



Konfirmantar:
Fredrik Sogge
Jakob Ranes
Lisa Ranes
Natalie Astrid Brusethaug

Medverkande:
Kyrkjevert: Ola Bruset og Rune Moe
Kyrkjetenar: Frank Spoon Botten
Organist: Oddveig Helset Halle
Klokkar: Rannveig Brøske
Medliturg: Torbjørn Brøske
Prest: Pål Arne Winsnes

I. SAMLING

Informasjon om gudstenesta og tre klokkeslag

Inngangssalme og prosesjon: 1: Herre Gud ditt dyre navn og ære

Helsing

Samlingsbøn

Alle: Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.
Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

Syndsvedkjenning

Alle: Gud, du kjenner og elsker oss alle. Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda. Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot. Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.

Bønerop (Salme 976.2 – syngjast med liturg og svar får kyrkjelyd)

Liturg: Kyrie eleison, Gud vår Far, miskunna deg.

Alle: Kyrie eleison, Gud vår Far, miskunna deg.

Liturg: Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg.

Alle: Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg.

Liturg: Kyrie eleison, Heilage Ande, miskunna deg.

Alle: Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna deg.

Salme – Måne og sol (240)

Liturg: Syng for Herren, pris hans namn. Forkynn frå dag til dag hans frelse.

II. ORDET

Lesing

Hallelujaomkved / Salme 977.4

Evangelium:

Hallelujaomkved / Salme 977.4

Preike

Salme 243 Gud skapte lyset og livet

TRUVEDKJENNINGA

Vi trur på éin Gud, den allmechtige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, ljøs av ljøs, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom og døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til forlating frå syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda. Amen. (Den nikenske truedkjeninga)

Kunngjeringar

Presentasjon av årets konfirmantar

Heile kyrkjelyden syng for konfirmantane: Salme 638 x 2

Forbøn

Kyrkjelydsvar: Salme 731: Eg faldar mine hender små

III. NATTVERD

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia

- Gaven kan gjevast på Vipps til Totalen: 506908 , eller ved å gå og legge ei gåve i skåla på altaret

Bøn for offeret

Salme 608 Når vi deler det brød

Helsing prefasjonsdialog

Liturg: syng eller seier Herren vere med dykk.

Kyrkjelyd: reiser seg og syng Og med deg vere Herren.

Liturg: Lyft dykkar hjarte.

Kyrkjelyd: Vi lyfter våre hjarte til Herren..

Liturg: Lat oss takka Herren vår Gud.

Kyrkjelyd: Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising prefasjon

Heilag sanctus

Alle: syng Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom.

Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Innstiftingsorda verba

Mysteriet i trua

Liturg: Mysteriet i trua er stort.

Alle: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Alle: Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Fadervår

Alle: (syng) Fader vår, du som er i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn. Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

Fredshelsing pax

Liturg: Guds fred vere med dykk.

Alle: Guds fred vere med deg.

Du Guds Lam - Agnus dei

Alle: syng Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Salme: 626 Vær meg nær o Gud

IV. SENDING

Salme 482 Deg å få skode

Lovprising

Liturg: syng Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyd: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Velsigning

Liturg: syng Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

Kyrkjelyd: Amen. Amen. Amen.

Postludium/Utgangsprosesjon

Utsending

Kyrjekaffe

